



Kvinnherad breiband

Saksbehandlar Tlf. direkte innval Vår ref. Dykkar ref. Dato
Jorunn Røssland Eide 916 67070 2018/3727-4 13.12.2019

Igongsetjingsløyve - tiltak utan ansvarsrett – delegert vedtak

Tiltak:	Ny nodehytte
Gnr/bnr:	137/30
Byggestad/adresse:	Ole Bergets veg 7, 5462 Herøysundet
Tiltakshavar:	Kvinnherad Breiband AS, Vikjo 7, 5464 Dimmelsvik
Matrikkel:	BRA=7 m2 BYA=7.5 m2

Delegert vedtaksnr.: 2019/64

Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 20-4 vert søknad journalført 12.12.2018, 02.01.2019, 22.01.2019, 19.02.2019 + (frå sak 19/243-4 av 22.02.2019) og tilhøyrande situasjonsplan og teikningar godkjent. Det er tiltakshavar sitt ansvar at tiltaket vert utført i samsvar med vilkåra gitt i og i medhald av plan- og bygningslova. Tiltakshavar er òg ansvarleg for plassering i høgde og plan.

Vilkår:

1. Søknad om ferdigattest jf. PBL § 21-10 må sendast Kvinnherad kommune når tiltaket er ferdig utført.

Tiltaket kan igangsetjast straks.

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyvet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyve.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og PBL § 1-9. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

Grunnlag for løyvet

- Plassering: Tiltaket er i samsvar med planar og vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, medrekna vassforsyning, avløp, tilkomst, avstands- og høgdereglar, grunn og miljøkrav og tekniske krav.
- Nabovarsel: Naboar og gjenbuarar er ikkje varsla. Nodehytta er plassert på Kvinnherad kommune sin eigedom. Kvinnherad kommune er og gjenbuar på motsett side av Ole Bergets veg. Kvinnherad kommune og Kvinnherad Breiband AS inngått avtale om plassering av nodehytte på 137/30, datert 21.02.2019, sak 19/243-4
- Estetikk: Tiltaket har god utforming i høve til rimelege estetiske omsyn.
- Naturmangfaldlova: Ingen truga artar eller naturtypar er registrert i området.
- Kulturminne: Ingen registreringar i området.
- Tiltaket krev ikkje ytterlegare løyve frå andre mynde.

Merknader

- Rekning for behandlingsgebyr iflg. vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til søkjar.
- Bygningen må ikkje takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: **www.dibk.no**

For kommunedirektøren i Kvinnherad

Jorunn Røssland Eide
Sakshandsamar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Kopi til:

Referatsak forvaltningsutvalet
Matrikkelen
Sektor for teknikk og miljø